

Vi rydder strendene i Hordaland




Foto: Bergen og Omland Friluftsråd 2017

Fotograf:
Terje Ber-
gesen,

Det er viktig med strandrydding!

Bjørn Einar Grøsvik, Havforskningsinstituttet 2017

Vi vert stadig minna om at marint søppel eller bos kan påverke dyrelivet i havet. Havsuler brukar nylontau i tillegg til tang i reirbygginga. Dette er det fleire fuglar som set seg fast i. Både i Nordsjøen og i Barentshavet vert sjøfuglen havhest brukt som indikator for plastforureining. Ein urovekkande stor del av fuglane har større mengder plast i magen enn det som er sett som grenseverdi. Nesten kvar tredje torsk frå Byfjorden inneheld plast i magen. I Barentshavet blir det rapportert at 20 prosent av snøkrabbane har plast i magen. Det siste, tankevekkjande eksempelet er den sjuke gåsenebbkvalen som vart observert utanfor Sotra og avliva. Undersøkingar viste at magen var full av plast som gjorde at kvalen ikkje klarte å ta til seg næring.



Bilde: Universitetsmuseet i Bergen 2017 #Plasthvalen

Dyr som viklar seg inn i tau, garn eller emballasje får vanskar med å bevege seg og fange mat, og dei kan få kuttskadar og infeksjonar. Indre effektar kan oppstå når dyret får i seg for mykje søppel. Det kan føre til forstopping eller dårlegare næringsopptak. Vi veit også at giftstoff frå plast kan hope seg opp i dyra og overførast til neste ledd i næringskjeda.

Søppel som ikkje blir tatt hand om hamnar gjerne i havet. Kor mykje det er snakk om kjem an på kor mykje folk som bur langs kysten, kor mykje det vert fiska og om dei ulike landa har gode nok system for søppelhandtering. Plast utgjer omlag 80 prosent av søppelet i havet, og det er anslått at mellom 5 og 13 millionar tonn plast hamnar i verdshava kvart år. Globalt kjem mesteparten frå land. I Noreg, der det bur få menneske, bidreg truleg den havbaserte industrien som fiskeri, skipstrafikk, petroleumsvirksomheit og akvakultur mest til marin plastforsøpling.

Plast som endar i havet blir stort sett frakta med havstraumane og påverka av vindforhold. Havstraumane og vêret påverkar kor mykje plast som rek i land på strendene våre. I strandsona og på land blir plasten broten ned til mindre partiklar av UV-lys frå sola, temperaturendringar og vind og bølger. Om vi ikkje samlar opp plasten, forvitrar den til mikroplast som er partiklar mindre enn 5 millimeter. Slik mikroplast kan på nytt bli transportert med havstraumane, og den blir då svært vanskeleg å fjerne frå miljøet. Plastpartiklane søkk enten ned på havbotnen eller dei flyt i overflata. Avhengig av storleik kan plasten bli teken opp av organismar som blåskjel og svamp som filtrerer sjøvatn eller krabbe og andre dyr som plukkar plastpartiklane fordi dei forvekslar dei med føde. Det er vist at flytande plastpartiklar kan samle seg i store havvirvar eller gyrar, og fem slike er førebels identifisert i verdshava.

Vi veit ikkje kor mykje plast og mikroplast som driv i land på strender, kor mykje som søkk ned på havbotnen og kor mykje som blir teke opp i den marine næringskjeda, men det er estimert at kanskje 1 prosent flyt i overflata, 5 prosent rek i land, medan storparten hamnar på sjøbotnen.

Det viktigaste vi kan gjere er å redusere plastbruken og å hindre at plasten hamnar i havet. Dette er ei kompleks og krevjande oppgåve. Plastkvalen opna auga våre, og viste oss at problemet må angripast på mange frontar. Strandrydding er eit godt eksempel på tiltak som reduserer omfanget av marin plast, og samstundes skapar merksemd om marin forsøpling.

Til kommuner, organisasjoner og alle frivillige

Informasjon fra Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) og renovasjonselskapene om opplegg rundt **Marin Forsøpling** for 2017

Det er med glede å meddele at **BOF, KNBF– Vest** og renovasjonselskapene **BIR, Fjellvar A/S** og **NGIR** har mottatt økonomiske midler i fra Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no Vi kan på den måten fortsette vårt videre arbeid knyttet til håndtering av eierløst marint avfall.



Foto: Bergen og Omland Friluftsråd 2017

Ønsker en å rydde, kan en gjøre blant annet følgende:

- På samtlige gjenvinningsstasjoner kan en hente ut gratis «**Vi rydder strendene i Hordaland**» strandryddesekker hos **Fjellvar, BIR** og **NGIR**, eller hos **BOF**. Det er også en del servicekontor i ulike kommuner som deler ut disse.
- Forsøplede strender finner en på www.Holdnorerent.no og i Bergen og Omland Friluftsråd sitt strandryddekart: https://bof.avinet.no/bof_strandrydding. I strandryddekartet via BOF finner en sannsynlighetsmodellen i fra Havforskningsinstituttet som viser hvor det marine avfallet samler seg. En kan i kartet selv registrere nye områder som bør ryddes, & når de er ryddet.

Oppleggene som de ulike renovasjonsselskapene praktiserer i øyeblikket er vedlagt til orientering. Vennligst se deres hjemmesider for nærmere detaljer.

Når en er ferdig å rydde kan strandryddesekkene leveres kostnadsfritt inn på gjenvinningsstasjoner hos **Fjellvar, BIR** og **NGIR**. Ønsker en å planlegge større aksjoner eller rydde på vanskelig tilgjengelige steder kan en sende en mail til **MarintAvfall@bof.no** om en ønsker og har behov for hjelp med koordinering, og evt. henting av det eierløse marine avfallet.

Vennligst ta kontakt om dere har noen innspill eller spørsmål.

Med vennlig hilsen
Bergen og Omland Friluftsråd
MarintAvfall@bof.no
www.bof.no

Det nytter å rydde!

Bildene nedenfor viser hvordan frivillige faktisk utgjør en forskjell med før og etter bilder.

Ryddeinnsats & bilder er tatt av Lise Lauvik & Egil Landro.

Ønsker dere å se mer av strandryddeaktivitet kan dere gå inn på f. eks. Frå Vik til Vik - Rein Kyst på FB.



Foto: Lise Lauvik 2017




Foto: Lise Lauvik 2017

hold Norge rent

#CleanSeas #holdhøstenren #avfallpåavveie #eierløstmarintavfall #HoldNorgeRent
#OurOcean #SaveOurOcean #BeatPollution #sirkulærøkonomi #marinforsøpling
#mikroplast #før fuglen kommer #forsøpling #ryddenstrand #adopeterenstrand
#stoppforsøplingen #miljø #plasthvalen

Bergen og Omland Friluftsråd © 2017 - Hellebakken 45, 5039 Bergen.
Mail : MarintAvfall@bof.no www.bof.no

Utarbeidet med midler i fra Miljødirektoratet

